




# **KYRKJEBLAD**

**FOR VAKSDAL PRESTEGJELD**

Nr. 4

Mai 1978

32. årg.



*Dale Kyrkje med kyrkjesalen — slik arkitekt Arneberg teikna den. Kva tid vil så kyrkjesalen stå der?*

## Kyrkjelydsalen på Dale

Framsida av bladet i dag syner arkitekt Arneberg sitt utkast irå 1936 — der er då kyrkjesalen teikna i rett vinkel med kyrkjebygget. Kanskje vert det slik ein gong? Om ikkje 25-års jubileet kan høgtidast i eigne lokaler, så vil vi arbeida vidare til oppgåva er løyst. Saka vil mognast og gå sin gang når kyrkjelyden som ei heilheit ser behovet og er med. Mange liknande bygg er reiste ved kyrkjelyden sin eigen innsats.

Det at administrasjonen i kommunen set opp så vidt stort beløp som 1,5 mill på langtidsbudsjettet, er i seg sjølv ei erkjenning av og forståelse for det påtrengjande behovet. At kommunen ior tida ikkje har økonomisk evne til dette lyftet attåt alle andre, må vi sjå i augo.

No er det opp til oss alle, små og store, heile kyrkjelyden, å arbeida vidare med denne store saka for vår oppveksande slekt. Lat oss ikkje vera bitre. Det hjelper ingen. «No trengst det at kvar den neve her bid, kjem med i vårt yrkelag». I arbeid — med bøn om Guds signing over dette — set vi inn tid og krefter og syner at kyrkjelyden vil dette.

Dei som ynskjer å syna det reint økonomisk, har kyrkjebøssa ved utgangen til ei kvar tid. 17. mai gjekk

Hausvik og Faugstad  $\frac{1}{2}$

Vaksdal

Telefon 3603.

helle offeret på altaret til dette arbeidet.

Det trengst ein verkstad for born og unge under leiding i lagsarbeid og aktivitetar av ymse slag. I dag er ordet arbeidskyrkje så vanleg. Det skal skje noko i kyrkja sin regi kvar deg heile veka — ikkje berre på kviledagen. Den daglege påverknad av gode tankar og rettleiding vil bera frukter, trur vi.

L. V.

### Fasteinnsamlinga

Sjølv om den store landsinnsamlinga til Kirkens Nødhjelp ga store resultat i haust her i Vaksdal, kom det inn heile 13.051,25 ved fasteinnsamlinga no kring påske i kyrkjene våre. Tilsaman i bøsser og ved oiringar vert fordelinga slik.

Vaksdal . . . . .	kr. 5128,—
Dale . . . . .	» 2691,—
Stamnes/Eidsland »	2485,—
Nesheim . . . . .	» 1396,—
Bergsdalen . . . . .	» 1351,—

### Vaksdal kyrkjelyds førskule

Vaksdal kyrkjelyds førskule har no snart vore i drift eit år og dei 14 6-åringane ser ut til å ha det riktig trivelig. Konfirmantromet har synt seg å vera eit godt egna lokale og plassen utanfor har fått eit greit leikeapparat. Det er førskulelærer Kirsten Anne Hansen som er leiar. Opptak av born til neste år er sett til 20. mai og ein kan då vende seg til Kari Eilifsen som er formann i styret.

#### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

##### PRESTEGJELD

Bladstyrar: Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.

Medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73. Bankgiro 3500.50.13117.

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tfn. 8.

## Klungerbusken

På Kristi forklaringsdag i år fekk prestane oppgeve som preiketekst ved kgl. res. frå 4. nov. 1977, 2. Mos. 3,1-6. Teksten er om Moses sitt møte med Gud ved den brennande klungerbusken.

Klungeren i Midjan og ved Guds-fjellet Horeb skal etter botanisk gransking vera av same slaget som klungeren som veks i bakkane kring den staden der ein trur Golgata var. Golgata vart av romarane sletta heilt ut i kampen mot dei kristne.

Det botaniske namnet på denne klungeren er *Poterium spinosum*. Det er ein dvergbusk som vert omlag 30-50 cm. høg. Under regntida skyt busken fram med små skot som etter kvart vert harde og får kvasse piggar. Moses såg ein eldsloge i klungeren, men klungeren brann ikkje opp. Klungeren som her er nemnd har små gule blomstrar, men Mistelteinen som snyltar på klungeren har eldraude blomstrar. Det ser ut som der er eld i klungeren, skriv M. Zohara som har granska alt om planter i bibelen, og som har gjeve ut boka: *Flora of the Bible*, ved det hebraiske universitetet i Jerusalem.

Gjennom klungerbusken tala Gud

til Moses og fortalde kven han var. Då løynde Moses andletet sitt. Det var Abrahams Gud, Isaks Gud og Jakobs Gud som tala til Moses gjennom klungerbusken.

I Jotam sin tale til Sikem-mennene, Kom. 9, 7 f., som han heldt frå Gari-simfjellet, fortalde Jotam at det var ein gong trea ville salva seg ein konge. Alle trea bad seg fri så nær som klungeren, men klungeren sette eit vilkår. «Er det Alvoret dei vil salva meg til konge, så kom og svala dykk i skuggen min», svara klungeren. «Men gjer de ikkje det, så skal det fara eld ut frå klungeren og øyde sedrane på Libanon».

På Golgata fekk Jesus ei klungerkruna på hovudet. Det var hans kongekruna. Det var same sort klunger som klungerbusken Herren tala gjennom på Horeb-fjellet, og same sort klunger som Jotam nemnde i talen sin til Sikem-mennene. Me merker oss profetien i Jotam sin tale om klungeren: «Vil de salva meg til konge, så kom og svala dykk i skuggen min». Stiller du deg inn i skuggen frå han med klungerkruna, då talar Guds ein borne son gjennom blodfarga klunger til kvar ein som salvar Kristus som konge: «Det er fullført». Heile verda teken inn i Guds kjærleik. «Men gjer de ikkje det, så skal det fara eld frå klungeren og øyda sedrane på Libanon».

Slik Gud openberra seg til Moses gjennom klunger og sa kven han var, slik openberra Jesus gjennom lidning og klunger korleis Gud er. Gud møter alle som svarar seg i skuggen under den klungerkrona Frelsar med tilgjeving og fred.

Gudmund Skiftun.

## Konfirmantane 1978

### Vaksdal kyrkje 7. mai:

Boge, Mona  
Farestvedt, Sigrunn  
Grenasberg, Ase  
Herfindal, Eva  
Herfindal, Evelyn  
Rognved, Randi  
Søderberg, Kjersti  
Tolås, Anne Bente  
Bruvik, Terje Morten  
Carlsen, Terje  
Eilifsen, Lars Olav  
Folgerø, Jan Vidar  
Fossberg, Helge  
Fosse, Idar  
Haug, Gisle  
Krogslrud, Bjørn Øivind  
Børvik, Bjørn Otto  
Ulveraker, Lars Jakob  
Palm, Emil

### Dale kyrkje, 7. mai:

Langhelle, Siv  
Meland, Anne  
Verpelstad, Elisabeth  
Gullbrå, Kjell Atle  
Sellevoid, Arnt Olav  
Veka, Bjørn Egil  
Faugstad, Hege  
Fotland, Mona Karin  
Gullerud, Trine  
Langedal, Heidi Karin  
Mehus, Ann Marit  
Myklebust, Anne Britt  
Pedersen, May Lisbeth  
Reigstad, Randi  
Sellevoid, Signe  
Søvik, Kari  
Søvik, Randi  
Ulveseth, Linda  
Vatle, Tone

Vik, Marianne  
Dale, Odd Arild  
Ekanger, Kurt Inge  
Faugstad, Henning Inge  
Fosse, Per Birger  
Lid, Arne Dagfinn  
Olsnes, Inge  
Utne, Elling  
Vaksdal, Trond Werner  
Bøthun, Evy Beathe  
Heimdal, Veronika  
Helle, Frode  
Jordal, Kurt Henning  
Tveiterås, Idar

### Stamnes kyrkje, 21. mai:

Berntzen, Tone Wenche  
Grenasberg, Anita  
Grøsvik, Olga  
Leiren, Ellen  
Olsen, Bodil  
Straume, Anne Kari  
Vedaa, Arneid  
Vik, Ingebjørg  
Demring, Arild  
Hesjedal, Oddbjørn  
Kvalvik, Rolf Helge  
Leiren, Magne  
Tøsse, Ivar

### Eidsland kirke, 21. mai:

Eikefet, Inge  
Ekse, Marianne  
Møster, Anne Marie  
Nørheim, Stig  
Simmenes, Lise  
Rosiaux, Gyrd Børesen

### Flatekval kyrkje, 28. mai:

Lavik, Bjørg Ingrid  
Tyssen, Sveinung  
Nese, Per Ivar  
Gullbra, Knut Bjarne

## Rekneskap for kyrkjebladet for 1977

Innkomne bladpengar	kr. 11495,—
Andre inntekter	» 1629,30
<b>Inntekter i alt</b>	<b>kr. 13124,30</b>
Utgifter til trykking	kr. 9276,38
Andre utgifter	» 671,40
<b>Utgifter i alt</b>	<b>kr. 9947,78</b>

Bladpengane fordelt: Talet i parantes er for året før.

Dale	kr. 5090,—	(3005,—)	55 %	(33 %)
Vaksdal	» 3225,—	(2560,—)	71 %	(57 %)
Stamnes	» 2110,—	(2595,—)	57 %	(71 %)
Bergsdalen	» 320,—	(280,—)	106 %	(93 %)
Flatekval	» 310,—	(300,—)	91 %	(88 %)
Nestheim	» 270,—	(270,—)	84 %	(84 %)
Utanbygds	» 170,—	(205,—)		
<b>Ialt</b>	<b>kr. 11495,—</b>	<b>(9215,—)</b>	<b>62 %</b>	<b>(50 %)</b>

### Bladpengane for 1978:

Talet i pst. syner kor mange av husstandane som har betalt. Det er no sendt ut innbetalingskort for 1978 i posten. Av praktiske grunnar er det sendt til alle husstander. Dei som har betalt tidlegare, kan kasta kortet.

### Innkomne bladpengar i 1. kvartal 1978:

Dale kr. 690,—, Vaksdal kr. 60,—, Stamnes kr. 480,—, Utanbygds kr. 193,—. Ialt kr. 1423,—.

### Kasseraren.

## Festspillkonsert

Vår vellykkede festspillkonsert i Dale kyrkje i fjor er ikke gått upåaktet hen, så vi har i år fått nok et tilbud om Festspillkonsert. Datoen blir 29. mai og vi har fått tilbud om den fantastiske sanggruppen The Scholars fra USA. De gir to konserter i Bergen hvor billettene allerede er revet bort. Så nå får vi her i Vaksdal tilbudet om konsert slik at de som har forsøkt å få billetter til Festspillkonserter, men

forgjeves, likevel kan få delta i årets Festspill med konsert i Dale kyrkje.

Se nærmere omtale og annonser i Vaksdal nytt. Ved samme konsert medvirker en gammel kjening for oss, nemlig den eminente orgelspilleren David Sanger.

Lars Ragnvaldsen

## Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET  
Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

## Prostimøte

Prostimøte i år vert på Ungdomsheimen, Kvamskogen 27. — 28. mai. Av programmet ser ein at rektor Halvor Sandvin vil tala om «Kyrkja og kulturlivet». Bispedømerådssekretær E. Kongsbakk: «Aktuelt frå bispedømet» Elles vert prost Østtveit og stideseekretær S. Bjellås med. Det vert og val av nytt prostiråd. Prostimøte er fellesmøte for alle sokneråda i Hardanger og Voss prosti, men innbjuding går og til alle prestar og andre kyrkjelege tenestemenn, kristendomsleiarar og sundagsskuleleiarar og leiarar i dei frivillige kr. organisasjonane. Opphaldet kostar kr. 110,— pr. person.

## Frå kyrkjebøkene

### DALE:

#### DØYPTE:

Camilla Bruvik, fødd 6/12 -77, døypt 12/2 -78.

Sverre Harald Lien, fødd 12/12 -77, døypt 12/3 -78.

Katrine Berge, fødd 20/11 -77, døypt 2/4 -78.

Thorleif Søreide, fødd 14/12 -77, døypt 8/4 -77.

Håkon Furnes, fødd 28/2 -78, døypt 16/4 -78.

Solgun Dalseid, fødd 15/2 -78, døypt 16/4 -78.

Anita Solberg, fødd 6/0 -78, døypt 16/4 -78.

#### VIGDE:

Ingolf Helland og Magnhild Straume, vigde 17. mars 1978.

#### AVLIDNE:

Håkon Tungeland, fødd 2/6 1901, døydde 2/3 1978, gravlagd 7/3.

Peder Ingebrigtsen, fødd 7/2 1903, døydde 12/3 1978, gravlagd 16/3.

Hermann Rolsvåg, fødd 2/4 1901, døydde 21/3 1978, gravlagd 30/3.

### STAMNES:

#### VIGDE:

Jan Plekut og Astrid Grøsvik, vigde 4. april 1978.

#### AVLIDNE:

Anna Stamnesfet, fødd 30/12 1894, døydde 6/4 1978, gravlagd 13/4.

### NESHEIM:

#### DØYPTE:

Trude Mo, fødd 21/10 -77, døypt 9/4 -78 i Nesheim kyrkje.

### VAKSDAL:

#### DØYPTE:

Kathrine Audestad, fødd 26/12 -77, døypt 2/4 -78.

Anders Magne Tolås, fødd 14/2 -78, døypt 16/4 -78.

#### AVLIDNE:

Ingeborg Boge, fødd 28/12 1901, døydde 20/3 1978, gravlagd 25/3.

Emma Seim, fødd 2/2 1895, døydde 17/4 1978, gravlagd 22/4.

## Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

## A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

## Ekspedisjonstider ved våre kontor:

DALE, telefon 2421	Frå	Til
Måndag, tysdag, onsdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag . . . . .	10.00	17.30

VAKSDAL, telefon 3605	Frå	Til
Tysdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag . . . . .	10.00	17.00

STAMNES, telefon 8015	Frå	Til
Måndag . . . . .	9.30	14.00

## Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

## Stamnes Handelslag STAMNESHELLA

## Dale Handelsforening Dalekvam

## TOMAS UTSKOTIS SKOFORRETNING

## Dalekvam

## Vaksdal koop, Handelslag VAKSDAL

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.  
Kjøp i Dykkar eigen forretning

## RADIOSPECIALEN <sup>1/5</sup>

Tlf. 2240 DALKEVAM

## RADIO — TV

Reparasjonsverkstad

## BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

## EIDE & PETERSEN <sup>1/5</sup>

Tfn. 2258 DALEKVAM

## K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

## BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

## Arth. og Arne Vaksdal HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

«Det er Anden som gjer levande; her kan menneske ingen ting gjera. Dei ord eg har tala til dykk, er ånd og liv».

Joh. 6.63.

## Velkomen til kyrkje

2. søndag etter pinse, 28 mai: (Luk. 12, 13-21):

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.  
Flatekval kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Soknepr. Bjørsvik  
Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

3. søndag etter Pinse, 4. juni: (Kor. 1, 26-31):

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.  
Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.  
Eidsland kyrkje kl. 11.00. Gudstenestlig møte. Talar og song-  
kor frå Espeland.

Onsdag 7. juni:

Eidsland kyrkje kl. 18.00. Skulegudsteneste. Sokneprest Steinnes. Song og musikk av skuleborn.

4. søndag etter Pinse, 11. juni: (Luk. 15, 11-32):

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Offer til Sattalmisjonen. Song av Bergen Ten Sing.  
Nesheim kyrkje kl. 11.30. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd. Kyrkjeskyss.  
Dale kyrkje kl. 19.00. Sokneprest Steinnes. Offer til Nordhordland Indremisjon.

5. søndag etter Pinse, 18. juni: (Joh. 8, 2-11):

Eidsland kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.  
F.tjarvatn-stemme kl. 12.00. Friluftsgudsteneste med prestane frå Samnanger og Vaksdal. Song.